

Stopp angrepet på nynorsken

Vedteke av Vestland SV sitt fylkesstyre 26. februar 2024.

I den nye opplæringslova som trer i kraft 1. august 2024 (§ 15-2, i fyrste avsnitt) ligg det ein regel som føreset at fylkeskommunane gjev lokal forskrift om kva som skal vere hovudmålet på kvar skule. Hovudmålet skal nyttast i all kommunikasjon til og frå skulen og i all undervisning inkludert presentasjonar.

Vestland fylkeskommune har sendt to alternative framlegg på høyring:

- 1) At ein følgjer administrasjonsspråket i fylkeskommunen slik at nynorsk vert felles hovudmål for dei vidaregåande skulane i heile Vestland.
- 2) At hovudmålet følger språkvedtaket i kommunane der skulen geografisk ligg, med bokmål som hovudmål i språknøytrale kommunar (Bergen og Askøy) og nynorsk i resten av fylket.

Begge framlegga er dårlege framlegg som skapar unødige problem for skulane. Det fyrste alternativet ville tvinge eit stort tal lærara som nyttar bokmål i dag til å bytte til nynorsk. Framlegget framstår så kontroversielt og lite sannsynleg å få vedteke at ein truleg kan sjå bort frå det. Sentrale utdanningspolitikarar i fylket har også uttalt ganske direkte at alternativ ein er uaktuelt. Dermed står ein att med alternativ to som er eit direkte angrep på nynorsken si stilling. Lærarar på Askøy og i Bergen som nyttar nynorsk kan verte fråtekne retten til å undervise på morsmålet sitt.

Ved innføring av den nye hovudmålsregelen vil elevane på Askøy og i Bergen verte fråtekne eksponering for nynorsk i andre samanhengar enn i sidemålsundervisninga. Å møte nynorsk i ulike fag og samanhengar er eit udelt gode for elevane som utvidar forståinga for språkmangfaldet i det norske samfunnet og bidreg til at dei kan lære å nytte nynorsk på ein god måte. Ved innføringa av eit tvunge hovudmål går elevane glipp av eit språkleg mangfald som utvidar forståinga deira av eige morsmål.

Alle fordelane som følgjer med språkleg mangfald i undervisninga skal skiplast bort for å løyse eit problem som ikkje finns. Val av målform i undervisninga ligg innanfor læraren sitt faglege skjønn og fell inn under metodefridomen lærarprofesjonen har. Å tvinge lærar til å omsetje undervisningsmateriell til bokmål er ei komplett unødvendig ekstraoppgåve som ganske truleg vil tære på lærarane sin motivasjon.

Angrepet på nynorsken er med vitande. Mållaget åtvare mot lovframlegget og SV, Raudt og Venstre fremja eit alternativt framlegg utan kravet til hovudmål, eit framlegg dei andre partia stemte i mot. Det er uansvarleg å med vitande gå til åtak på motivasjonen til lærarar i eit skuleverk som står midt oppe i ei rekrutteringskrise. Utdanningsforbundet er kritiske til kravet om hovudmål for skulane og stiller spørsmål ved behovet for ei endring. Dei er også uroa for at korleis hovudmålsforskrifta skal handhevast.

Vestland SV krev at Stortinget må endre eller kome med ei presisering til lova slik at angrepet på nynorsken tek slutt. Fylkesutvalet i Vestland har bede om å få utsett ikraftsetjing av regelen. Vestland SV støttar dette kravet og krev i tillegg at statlege mynde endrar § 15-2, i første avsnitt slik at lærarane får attende metodefridomen og nynorsken si stilling ikkje vert svekka.